

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2018/993**2020/EØS/36/52**

av 11. juli 2018

om endring av avgjerd (EU) 2017/1214, (EU) 2017/1215, (EU) 2017/1216, (EU) 2017/1218 og (EU) 2017/1219 med omsyn til lengda på overgangsperioden*[meld under nummeret K(2018) 4312](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonsavgjerd 2011/382/EU⁽²⁾ vart bytt ut med kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1214⁽³⁾ som fastset reviderte kriterium og krav med omsyn til handoppvaskmiddel. For at produsentar som har fått tildelt EU-miljømerket for handoppvaskmiddel på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2011/382/EU, skal få nok tid til å kunne tilpasse produkta sine slik at dei vert i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1214, er det fastsett ein overgangsperiode i den avgjerda. Den overgangsperioden på 12 månader går ut 22. juni 2018.
- 2) Kommisjonsavgjerd 2012/720/EU⁽⁴⁾ vart bytt ut med kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1215⁽⁵⁾ som fastset reviderte kriterium og krav med omsyn til maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk. For at produsentar som har fått tildelt EU-miljømerket for maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2012/720/EU, skal få nok tid til å kunne tilpasse produkta sine slik at dei vert i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1215, er det fastsett ein overgangsperiode i den avgjerda. Den overgangsperioden på 12 månader går ut 22. juni 2018.
- 3) Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU⁽⁶⁾ vart bytt ut med kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1216⁽⁷⁾ som fastset reviderte kriterium og krav med omsyn til maskinoppvaskmiddel. For at produsentar som har fått tildelt EU-miljømerket for maskinoppvaskmiddel på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2011/263/EU, skal få nok tid til å kunne tilpasse produkta sine slik at dei vert i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1216, er det fastsett ein overgangsperiode i den avgjerda. Den overgangsperioden på 12 månader går ut 22. juni 2018.
- 4) Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU⁽⁸⁾ vart bytt ut med kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1218⁽⁹⁾ som fastset reviderte kriterium og krav med omsyn til tekstilvaskemiddel. For at produsentar som har fått tildelt EU-miljømerket for tekstilvaskemiddel på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2011/264/EU, skal få nok tid til å kunne tilpasse produkta sine slik at dei vert i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1218, er det fastsett ein overgangsperiode i den avgjerda. Den overgangsperioden på 12 månader går ut 22. juni 2018.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 177 av 13.7.2018, s. 14 er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 24/2019 av 8. februar 2019 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

(1) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

(2) Kommisjonsbeslutning 2011/382/EU av 24. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til håndoppvaskmidler (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 40).

(3) Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1214 av 23. juni 2017 om fastsettelse av kriteriene for tildeling av EU-miljømerket til håndoppvaskmidler (TEU L 180 av 12.7.2017, s. 1).

(4) Kommisjonsavgjerd 2012/720/EU av 14. november 2012 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 326 av 24.11.2012, s. 25).

(5) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1215 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 180 av 12.7.2017, s. 16).

(6) Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 22).

(7) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1216 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel (TEU L 180 av 12.7.2017, s. 31).

(8) Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 34).

(9) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1218 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel (TEU L 180 av 12.7.2017, s. 63).

- 5) Kommisjonsavgjerd 2012/721/EU⁽¹⁾ vart bytt ut med kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1219⁽²⁾ som fastset reviderte kriterium og krav med omsyn til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk. For at produsentar som har fått tildelt EU-miljømerket for tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i avgjerd 2012/721/EU, skal få nok tid til å kunne tilpasse produkta sine slik at dei vert i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1219, er det fastsett ein overgangsperiode i den avgjerda. Den overgangsperioden på 12 månader går ut 22. juni 2018.
- 6) Ei rekkje nasjonale organ som tildeler EU-miljømerke, har informert Kommissjonen om behovet for å lengje desse overgangsperiodane med seks månader på grunn av det høge talet på søknader om fornying av avtaler om tildeling av EU-miljømerke. Kommissjonen har gjort ei vurdering som stadfesta behovet for å lengje overgangsperiodane med 6 månader.
- 7) Avgjerd (EU) 2017/1214, (EU) 2017/1215, (EU) 2017/1216, (EU) 2017/1218 og (EU) 2017/1219 bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I artikkel 7 i avgjerd (EU) 2017/1214 skal nr. 3 lyde:

«3. EU-miljømerkisenser tildelt i samsvar med kriteriene i beslutning 2011/382/EU kan brukes fram til 22. desember 2018.»

Artikkel 2

I artikkel 7 i avgjerd (EU) 2017/1215 skal nr. 3 lyde:

«3. EU-miljømerkisensar som er tildelte i samsvar med kriteria i avgjerd 2012/720/EU, kan nyttast fram til 26. desember 2018.»

Artikkel 3

I artikkel 7 i avgjerd (EU) 2017/1216 skal nr. 3 lyde:

«3. EU-miljømerkisensar som er tildelte i samsvar med kriteria i avgjerd 2011/263/EU, kan nyttast fram til 26. desember 2018.»

Artikkel 4

I artikkel 7 i avgjerd (EU) 2017/1218 skal nr. 3 lyde:

«3. EU-miljømerkisensar som er tildelte i samsvar med kriteria i avgjerd 2011/264/EU, kan nyttast fram til 26. desember 2018.»

Artikkel 5

I artikkel 7 i avgjerd (EU) 2017/1219 skal nr. 3 lyde:

«3. EU-miljømerkisensar som er tildelte i samsvar med kriteria i avgjerd 2012/721/EU, kan nyttast fram til 26. desember 2018.»

⁽¹⁾ Kommisjonsavgjerd 2012/721/EU av 14. november 2012 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 326 av 24.11.2012, s. 38).

⁽²⁾ Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1219 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 180 av 12.7.2017, s. 79).

Artikkel 6

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 11. juli 2018.

For Kommisjonen

Karmenu VELLA

Medlem av Kommisjonen
